

VEDTEKTER FOR LEIKANGER STORVALD

§1: Leikanger Storvald

Leikanger storvald er eit lag av rettshavarar innanfor området som går fram av paragraf 3. Medlemmene har avgrensa ansvar.

§2. Målsetjing og arbeidsfelt:

Valde skal samle rettshavarane i dei tidlegare småvalda i området for å forvalte hjorteviltet som ein del av næringsgrunnlaget i landbruket.

Valdet har som overordna mål å forvalte hjortestammen på ein slik måte at ein sikrar optimal og varig produksjon og avkastning, sunne og friske dyr, god fordeling på alder og kjønn og med rett storleik på stammen sett i høve til leveområdet si bereevne (beitetilgang) og skadepress (skog og innmark) for anna verksemd.

Valdet skal arbeide med hjorteforvaltninga. Valdet skal tryggje at den grunneigarstyrde forvaltninga er skikkelig planlagt og valdet fordelar fellingsløyve mellom medlemmane. Valdet bør vere aktiv i arbeidet med å auke kunnskapane til medlemmane innanfor hjorteforvaltning.

§3: Avgrensing.

Valdet sitt område er avgrensa slik, og omfattar følgjande jaktfelt: 01-001 Trodalen, 01-002 Eitorn vest, 01-003 Suphamarmarki, 01-004 Grindsmarki, 02-005 Huke, 02-006 Fossmarki, 02-007 hamremarki, 02-008 Husabømarki, 03-009 Henjadalen, 03-010 Njøsdaalen og 03 –011 Hangsæterfjellet.

Sjå vedlagde kart.

§4: Medlemskap.

Medlemmane skal melde seg inn skriftleg ved å skrive under på ei eiga erklæring (sjå vedlegg). Det skal gå fram av erklæringa kva rettar og plikter som føl medlemskapet.

Dei tidlegare valda melder seg inn i Leikanger storvald som jaktfelt. Det er kvart einskild jaktfelt som er medlem i valdet.

Eventuell utmelding skal vere skriftleg innan 31. desember til leiaren i valdet og gjeld påfølgjande år. Ein medlem som melder seg ut av valdet har ikkje krav på part i valdet sitt fond eller andre egedelar.

§5: Partar.

Medlemmane går inn i valdet med partar tilsvarande teljande areal. Dersom eit sameige er medlem, har sameiga samla så mange partar som arealet tilseier.

Eigedomar/jaktfelt med røysterett skal ha røystepart lik den prosentvise parten av teljande areal vedkomande eigedom/jaktfelt har i valdet. Teljande areal i valdet vert sett til 100% og røystepartane vert avrunda til heile tal.

Samla areal er 98 830 dekar.

Tabell

Jaktfelt nummer	Namn	Teljande areal	Partar
01-001	Trodalen	6000	6
01-002	Eitorn vest	3220	3
01-012	Eitorn aust	3260	3
01-003	Suphamark	9000	9
01-004	Grindsmark	8850	9
02-005	Huke	5200	5
02-006	Fossmark	3300	3
02-007	Hamremark	6000	6
02-008	Husabømark	4500	5
03-009	Henjadalen	25000	25
03-010	Njøsdaalen	20000	20
03-011	Hangsæterfjellet	4500	5
Sum		98830	100

§6: Arbeidsår.

Arbeidsåret føl kalenderåret.

§7: Årsmøte.

Årsmøte skal vere halde innan 31. mars kvart år. Styret kallar inn til årsmøte.

Innkallinga skal vere skriftleg, anten til kvar medlem eller som offentleg utlysing og minst 2 – to – veker før årsmøtet. Sakliste vert lagd ved innkallinga. Saker som medlemmane ynskjer å ta opp på årsmøtet må vere styret i hende innan utgangen av februar.

Berre medlemmar har røysterett. Medlem kan vere representert med fullmakt. Ingen kan møte med meir enn ei fullmakt.

Vedtak på årsmøtet vert fatta med vanleg fleirtal mellom dei røysteføre som møter fram (inkl. eventuelle fullmakter). Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal i årsmøtet.

Unnateke er endring av § 3 i vedtektene. Endringar i denne paragrafen er ikkje årsmøtesak, men søknad om inn – og utmelding vert avgjort av styret. Dersom minst

ein

medlem krev det, nyttar årsmøtet gradert røysting, det vil sei at kvar part har ei røyst.

Årsmøtet vert leia av leiar i valdet. Skrivar fører møtebok for årsmøtet.

Årsmøtet skal:

- godkjenne innkalling og sakliste,
- velje to til å skrive under møteboka,
- handsame årsmelding og rekneskap for meldingsåret, årsplan og budsjett for komande år,
- handsame styret sitt framlegg til bestandsplan, avskytingsplan og reglar for jakta,
- handsame innkomne saker,
- velje leiar for eitt år, 2 styremedlemmar for for 2 år, 2 varamedlemmar for to år og valnemnd med 3 medlemmar og 1 vara. (For styre – og varamedlemmane ordnar ein det slik at ein er på val kvart år, fyrste året vert det avgjort med loddtrekking

- velje 2 revisorar og 1 vara (funksjonstid 2 år, vara for eitt år).

Årsmøtet kan ikkje fatte bindande vedtak i andre saker enn dei som er nemnde i innkallinga.

Eitt medlem av valnemnda går ut kvart år og neste rykkjer opp. Valnemndleiar går då ut. Nytt vald medlem sit i 3 år.

§8. Ekstraordinært årsmøte.

Dersom styret eller minst 1/3 av partane krev det, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte. Innkalling og sakshandsaming på ekstraordinært årsmøte føl same reglar som ordinært årsmøte.

§9. Styre.

Valdet vert leia av eit styre på 5 personar med 2 varamedlemmar. Styret vel sjølv nestleiar og skrivar/kasserar. Styret kan gjere vedtak når minst halvparten av styremedlemmane er til stades. Styret avgjer sakene med vanleg fleirtal.

Styret skal:

- halde årsmøte og leggje fram årsmelding og revidert rekneskap,
- kome med framlegg til arbeidsplan og budsjett,
- arbeide for ei langsiktig og best mogeleg forvaltning av hjorteviltet, jfr.§ 2,
- lage framlegg til bestandsplan for hjorten i valdet med mellom anna:
 - * framlegg til årleg kvote,
 - * framlegg til kjønns- og aldersstruktur i jaktuttaket,
 - * framlegg om lengda på planperioden,
 - * framlegg om fordeling av jaktkvoten mellom medlemmane, med reglar for jakta
- lage framlegg til avskytingsplan til årsmøtet,
- inngå avskytingsplan med kommunen på grunnlag av årsmøtevedtak,
- gje god informasjon til medlemmane om faglege spørsmål,
- gjennomføre tiltak som aukar kunnskapen om hjorteforvaltning mellom medlemmane,
- gjennomføre dei tiltaka som vert fatta av årsmøtet

Styret fører protokoll over arbeidet sitt og vedtak som dei fattar.

§10. Valnemnd/representantar til styret.

Kvart jaktfelt vel ein representant og av desse representantane vel årsmøtet folk til dei ulike verva i styret og valnemnda.

§ 11. Økonomi.

Leikanger storvald er ansvarleg for å finansiere eiga drift.

§ 12. Oppløysing.

Ordinært årsmøte kan løyse opp valdet. I så fall må halvparten av røystepartane vere frammøtte og vedtaket må ha 2/3 fleirtal. Dersom det møter færre partar kan valdet løysast opp på nytt årsmøte med vanleg fleirtal mellom dei frammøtte. Før oppløysing

må alle økonomiske tilhøve vere ordna og valdet sine egedelar vert delte mellom medlemmane etter partar.

§ 13. Tvist:

Alle tvistar mellom laget og medlemmar eller mellom medlemmane innbyrdes om tolking og gjennomføring av vedtektene vert avgjorde med bindande verknad for alle partar av ei valdgiftsnemnd på tre personar. Av desse vel partane ein person kvar. Den tredje vert oppnemnd av : Sorenskrivaren i Sogn. Vedtak i nemnda skal vere grunngeve. Nemnda føl reglane i rettegangslova (jfr. Lov om rettegangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6, kap 32).

Desse vedtektene gjeld frå og med 04.04.06, revidert 2007.